

---

**Fra:** Lisbeth Alvær  
**Sendt:** 1. april 2016 16:15  
**Til:** Olav Ståløy ([olav.staloy@radoygruppen.no](mailto:olav.staloy@radoygruppen.no))  
**Kopi:** Jarle Landås  
**Emne:** Riggopplag  
**Vedlegg:** Gbnr 4510 Manger - riggopplag - planstatus(L)(79050).pdf

Hei igjen!

Leiar for Teknisk forvaltning (TFO) som handsamar saka har ferie denne veka. På bakgrunn av at det haster for dykk å få avklaring i saka, tek eg kontakt for å undersøke om det er behov for rettleiing m.m. eller om manglende tilbakemelding skuldast andre tilhøve. TFO opplyste i sitt brev av 22.03.16 at:  
«*Vedlagt kart har ikkje eit format som kan leggjast inn i kommunen sine kartsystem for nøyaktig plassering av riggane, men ut i frå ein visuell samanlikning ser det for kommunen ut som om riggane er plassert innafor området som etter Kommunedelplan for Manger har arealføremål Naturområde i sjø.*

Nøyaktig plassering av riggane i kartet er naudsynt for å avgjere om det er behov for dispensasjon frå arealføremål i plan. Ei slik avklaring er også naudsynt for vidare handsaming av saka hos Bergen og omegn havnevesen (BOH)/Kystverket. Så vidt eg kan sjå har det ikkje kome informasjon til kommunen som presiserer plassering av riggane.

Ta gjerne kontakt ved spørsmål. Leiar for TFO, Tonje N. Epland, er tilbake måndag 4. mars.

Mvh,  
Lisbeth T. Alvær  
Kommunalsjef drift og forvaltning  
Radøy kommune  
Tel. 56 34 90 19

---

**Fra:** Lisbeth Alvær  
**Sendt:** 18. mars 2016 15:30  
**Til:** Olav Ståløy ([olav.staloy@radoygruppen.no](mailto:olav.staloy@radoygruppen.no))  
**Kopi:** Jarle Landås; Jon Askeland; Tonje Nepstad Epland  
**Emne:** Søknad om tiltak i sjø

Viser til hyggeleg møte på rådhuset i går. Vi har undersøkt nærmere ang. kommunen si rolle i samband med søknad om tiltak i sjø (rigg). Kommunen si rolle er i dette tilfellet avgrensa til å ta stilling til om tiltaket er i tråd med arealformål i vedtatt arealplan (kommuneplan). Dersom tiltaket ikkje er i tråd med arealformål trengs det dispensasjon for å få søknaden handsama hos Kystverket/Bergen og omegn havnevesen (BOH).

Ta gjerne kontakt med leiar for Teknisk forvaltning Tonje N. Epland som kan rettleie i arealfaglege spørsmål, t.d. dersom riggane ikkje alt er plassert i kartet. Dersom riggane er plassert i kartet, treng kommunen informasjon om dette, for å kunne vurdere om det er behov for dispensasjon.

Kontaktinformasjon: [tonje.epland@radøy.kommune.no](mailto:tonje.epland@radøy.kommune.no) / tel. 56 34 90 50

God påske!

Mvh,  
Lisbeth T. Alvær  
Kommunalsjef drift og forvaltning  
Radøy kommune  
Tel. 56 34 90 19